

ÅRSMELDING

for Keipen turlag, Bremanger kommune året 1992.

I styret for laget har i 1992 vore:

Rolv Yttrehus	leiar
Hans Bakke	nestleiar
Olga Aarsnes	kasserar
Tone de Presno	sekreter
Gunnar Skjölberg	styremedlem
Kirsten Grotle	"
Dag Storakre	"

Medlemer tilslutta DNT, er ved årsskiftet 57.

I tillegg har laget 8 medlemmar som ikkje er tilslutta DNT.

I 1992 er det halde 4 styremøter, og det er behandla 14 saker.

Turlaget har i 1992 gjennomfört 7 dagsturar med tilsaman 123 deltagarar. På midtveketurane har det i alt vore 242 deltagarar.

Den beste opslutninga om desse turane har også i dette året vore i ytre Bremanger.

Turlaget har i gang arbeid med merking av 3 turstiar, Ålfotbreen, Vingen og Hornelen. Arbeidet har eit kostnadoverslag på tilsaman Kr. 58800,- av dette har turlaget fått invilga Kr. 22000,- i tilskot av tippemidlane. Arbeidet kom i gang ut på hausten 1992, og er tenkt gjennomfört i 1993.

Turlaget vil takke Svelgen hotell og Svein Fosse i Kalvåg for den velvilje dei har vist med gratis møtelokale for laget.

Styret.